



Sunnfjord
kommune

Årsplan 2026

VIKSDALEN BARNEHAGE



Innhald

Einingsleiar har ordet	3
Barnehagen sitt verdigrunnlag	4
Viksdalen barnehage sitt syn på leik	4
Viksdalen barnehage sitt syn på læring	5
Viksdalen barnehage sitt syn på omsorg/danning	5
Dei sju fagområda i rammeplanen	6
Fagområde 1: kommunikasjon, språk og tekst	6
Fagområde 2: kropp, rørsle, mat og helse	7
Fagområde 3: kunst, kultur og kreativitet	7
Fagområde 4: natur, miljø og teknologi	8
Fagområde 5: etikk, religion og filosofi	8
Fagområde 6: nærmiljø og samfunn	9
Fagområde 7: mengd, rom og form	9
Satsingsområde for barnehage året 2025–26	10
Hjartesamling	11
Foreldresamarbeid	12
Tidleg innsats	13
Overgangar	14
Når barnet startar i barnehagen	14
Overgang mellom barnehage og skule	14
Samarbeid	15
Vurdering	16
Hendingar og markeringar i barnehagen	17



Einingsleiar har ordet

Viksdalen barnehage vart starta som privat barnehage i 1978, og vart kommunal i 1999.

Viksdalen Barnehage ligg i sentrum og har flott naturområde på alle kantar. Vi har ei aldersblanda gruppe frå 1-6 år og har SFO i barnehagen.

Vi held til i same bygg som bibliotek, onsdags kafé og treningsstudio.

.I Viksdalen barnehage er vi oppteken av at alle barn skal bli sett og høyrte. Barna skal få gode barndomsminne gjennom felles opplevingar, inkluderande fellesskap, vennskap, leik og gode erfaringar frå kvardagar i barnehagen.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet, eit utgangspunkt for foreldremedverknad, grunnlag for tilsyn og informasjon om det pedagogiske arbeidet. Årsplanen byggjar på barnehagelova og rammeplan for barnehagar. Årsplanen er eit levande dokument og må derfor jamleg justerast.

Vi nyttar Visma Flyt barnehage-app som kommunikasjon mellom heim og barnehage. Dagsrapport frå barnehagen kjem på appen.

Velkommen til Viksdalen Barnehage

Bodil Margrethe Flaten Espeseth
Viksdalen barnehage

Barnehagen sitt verdigrunnlag

I Viksdalen barnehage skal personalet ivareta barna sitt behov for omsorg og lek, samt fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling (Rammeplanen, 2017)

Vi skal.....

- Leggje til rette slik at foreldre og born medverkar i planlegging, vurdering og utvikling av tilbodet.
- Sjå på barn som unike, kompetente og aktive i eiga læring og utvikling.
- Gje eit tilrettelagt tilbod tilpassa det einstilte barnet – uansett utviklingsnivå.
- Ha eit innhald som gjev barna relevant kompetanse gjennom lek, læring og opplevingar.
- Vere ein aktiv part i barna sitt oppvekstmiljø, og ta vare på lokale og nasjonal barnekultur. Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og lek, er fundameltalt. (Rammeplanen, 2017)

Viksdalen barnehage sitt syn på lek

Lek er barna sin viktigaste aktivitet – den har stor betydning for den sosiale, emosjonelle, kognitive, språkelige og motoriske utvikling. Leiken er også med på å utvikle kreativitet, problemløsningsevne og lærer barnet noko om korleis verden fungera både sosialt og fysisk.

Å leike er eit mål i seg sjølv.

I Viksdalen barnehage skal alle barn

- ha nokon å leike med
- ha tilgang til leikemateriell som er utfordrande og motiverande, og ligg lett
- synleg og tilgjengeleg for alle
- få GOD TID til å leike utan avbrot
- få opplevingar og idear som inspirerer til lek
- dei barna som trenger støtte og hjelp for å leike skal få det.
- dette for å lære barna for eksempel rolleteknikkar, hente inn anna
- leikeutstyr eller lage nye roller som passa til leiken – dei yngste barna er den kroppslege leiken rådande. Dei treng god plass og rom for å bevege og utforske
- ha det gøy

Viksdalen barnehage sitt syn på læring

Vi ynskjer at alle barna i Viksdalen barnehage skal ha tru på seg sjølv og eigne evner – vere stolt over kven dei er og kva dei kan.

I Viksdalen barnehage skal alle barna

- sjølv få vere aktive
 - få bruke alle sansane sine (sjå, høyre, lukte, kjenne, smake)
 - møte utfordringar som er tilpassa deira alder og modning
 - få stille spørsmål og undre seg saman med andre
- få naudsynt hjelp og støtte av vaksne ved behov
 - møte vaksne som gler seg saman med barna i
- deira utvikling
- få oppmuntring og ros når dei treng det
- samlingar, turar og aktivitetar der barna får utvikle ulike evner og interesser.

Viksdalen barnehage sitt syn på omsorg/danning

Tryggleik er ein føresetnad for at barna skal utvikle seg, lære og trivast i barnehagen.

Livsmestring og helse: Barnehagen er ein trygg og utfordrande stad og vere for alle born. Borna får dagleg høve til å utfalde seg fysisk og til kvile. Psykisk helse bygges i relasjonene: **vær nær, gi trøst.**

I Viksdalen barnehage skal alle barn:

- bli rørt ved og lytta til kvar dag
- møte vaksne som har TID til dei, ser dei og
- bekreftar dei
- møte tydlege vaksne som set klare grenser i kvardagen
- både få gjere det dei meistarar og møte nye utfordringar
- oppleve glede og humor i kvardagen sin
- møte vaksne som gjennom eiga handling er
- gode modellar for barna

Danning er ein livslang sosial og individuell prosess som handlar om å forme seg som menneske i verden, dannelsprosessen startar i de nære relasjonar og forsetter gjennom et mylder av erfaringar. Danning handlar om korleis menneske stadig endrar seg i møte med kultur, natur og samfunn. Danning skjer ved at vi får erfaringar og kunnskapar om omverden, andre menneske og oss sjølv. Å dannes til demokrati handlar om å bli ein modig, reflekterande og ansvarlig deltakar i dei små og store fellesskap ein inngår i, og det angår alt arbeid i barnehagen. Vi skal gjennom lek og aktivitetar gje barna erfaringar som kan bidra til at barn utviklar empati, respekt og toleranse for andre.

Dei sju fagområda i rammeplanen

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder. «Fagområda skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng og dei skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen» (rammeplanen, s. 47).

Gode opplevingar, erfaringar og læring innanfor desse områda i barnehagen og progresjon i tilbode, kan gi barna eit positivt forhold til faga og motivasjon til å lære meir.

Desse fagområda møter barna kvar dag gjennom barnehagen sine daglege aktivitetar, både formelle og uformelle situasjonar og gjennom tradisjonane våre og tema/ prosjektarbeid.

Fagområde 1:kommunikasjon, språk og tekst

Rammeplanen seier:

"tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av innhaldet i barnehagen. Å få variert og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk".

Kva gjer vi:

- Vi les bøker, nyttar rim og regler, syng songar og brukar ulike spel
- Vi har alfabetet synleg og tilgjengeleg for alle
- Brukar bokstavar og namn i garderoben og på andre ting vi merker
- Samtalar mykje med barn
- Øver på å nytte språket til å uttrykke kjensler, ønskjer og erfaringar og til å løyse konflikhtar
- -Inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar

For å nå desse måla må personale:

- Vere bevisst på sin funksjon som førebilete når ein lyttar, gjev konstruktiv respons og nyttar språket
- Skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunikasjon med andre
- Nytte samspel- og leikesituasjonar til samtale, lytting og fabulering med språket
- Legge til rette for meningsfulle opplevingar der språk, tekst, song og samtale
- Fremjar tillit mellom barn og mellom barn og vaksne.



Fagområde 2: kropp, rørsle, mat og helse

Rammeplanen seier:

"I småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barna sin kontakt med andre barn starta ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette har betydning for sosial kompetanse".

Kva gjer vi:

- Er ute ein gong for dag og nyttar uteområde til varierte aktivitetar, både frie og organiserte
- Går på tur i nærområdet
- Nyttar gymsalen på skulen
- Fokus på eit variert og sunt kosthald
- Er ein fiskesprell barnehage(skall bruke meir fisk i barnehagen)
- Bursdagsmeny som består av middagsrettar

For å nå desse måla må personalet:

- God planlegging og fleksibel tilrettelegging av kvardagen, med veksling mellom ro, aktivitet og måltid.
- Legge til rette for og inspirere til trygg og utfordrande bruk av kroppen
- Bidra til at alle barn opplever meistring ved å variere aktivitetar ute og inne
- Planlegge og følgje opp eit variert kosthald og skape trivsel rundt måltid.

Fagområde 3: kunst, kultur og kreativitet

Rammeplanen seier:

"Barnehagen må gi barna høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølv å uttrykkje seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og å gjere eller skape noko felles, bidreg til kjensle av å tilhøyra gruppa".

Kva gjer vi:

- Vi fortel, les og dramatiserer, høyrer på musikk og lydbøker, nyttar rytmeinstrument
- Barna har alltid tilgang til teiknesaker
- Nyttar perler, veving og modellkitt
- Deltek på kulturelle tilbod som vi får
- Oppmuntrar barna til å uttrykkje seg på ulike måtar og bruke ulike teknikkar
- Synleggjer barna sine produkt i barnehagen

For personalet betyr dette:

- Legge til rette aktivitetar og opplevingar ut frå alder
- Barna er med på val
- Inspirere, gje oppmuntring og ros og la barna oppleve meistring
- La barna oppleve tradisjonar innafor kunst og kultur

Fagområde 4: natur, miljø og teknologi

Rammeplanen seier:

"Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og ver. Barnehagen skal bidra til at barna lærer korleis teknikk kan brukast i leiken og kvardagslivet".

Kva gjer vi:

- Lar barna oppleve natur og glede ved å bruke naturen heile året
- Gir barna erfaring med kunnskap om dyr, planter og livssyklusen til mennesket
- Er gode rollemodellar for korleis vi tek vare på naturen og miljøet rundt oss
- Lagar konstruksjonar av ulikt materiale og utforskar kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på.
- Gir barna erfaring med korleis teknikk kan brukast i lek og kvardagslivet

For å nå desse måla må personalet:

- Ta utgangspunkt i barna sine interesser og utforskartrong
- Bruke nærmiljøet aktivt
- La barna få vere med på å bruke tekniske hjelpemiddel

Barnehagens digitale praksis:

Barnehagens digitale verktøy blir benyttet til å støtte opp om barnas læreprosesser og bidrar til å oppfylle rammeplanens føring for et rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Vi har PC, iPad, interaktiv tavle, prosjektor og fotoapparat for å ta bilder, filme og for å hente informasjon.

Personalet har kompetanse i forhold til å utøve dømmekraft når det gjelder informasjonssøk og ivaretar barnas personvern.

Fagområde 5: etikk, religion og filosofi

Rammeplanen seier:

"Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar, normer og haldningar. Barnehagen skal reflektere over og respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa. Vi skal ha med oss verdiar og tradisjonar frå den kristne kulturarven.

Kva gjer vi:

- Øver på å utvikle toleranse og interesse for kvarandre og kvarandre sin bakgrunn
- Gir barna høve til å fortelje, samtale, undre seg og tenkje
- Gir barna innsikt i kristne grunnverdiar, høgtider og tradisjonar
- Bidreg til at barna tileignar seg grunnleggande normer og verdiar i samfunnet
- Utviklar intresse og respekt for kvarandre og forstå verdien av likskapar og ulikskapar i eit felleskap.

For å nå desse måla må personale:

- Ta utgangspunkt i barnehagen sitt verdigrunnlag
- Hjelpe barna i konfliktsituasjonar til å finne konstruktive løysingar
- Skape rom for opplevingar, undring, ettertanke og samtaler
- Møte barna si tru og spørsmål med alvor og respekt
- Gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen.

Fagområde 6: nærmiljø og samfunn

Rammeplanen seier:

”Barnehagen skal bidra til at barna møter livet utanfor familien med tillit, undring og høve til medverknad. Vi skal ha fokus på lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur samt arbeidsliv, tradisjonar og ulike samfunn”.

Kva gjer vi:

- Dreg på turar som gjev opplevingar i og erfaringar om nærmiljøet
- Sjå kvar barna bur
- Gjere seg kjend med t. d skulen, kyrkja, butikken, 4H gardane, Eldalstunet dagsturhytta osv.
- La barna få påverke sin eigen kvardag ved å vere med på å ta val

For å nå desse måla må personalet:

- Påpeike at kvar og ein er viktig for fellesskapet
- Bearbeide og utdjupe opplevingar
- Samarbeide om å sjå moglegheitene i nærmiljøet
- Bruke litteratur og media til utdjupeing og utviding av barna sine erfaringar og læring

Fagområde 7: mengd, rom og form

Rammeplanen seier:

”Barna er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form og er på jakt etter samanhengar. Barnehagen skal bidra til at barna opplever glede over å utforske og like med tal og form, tileignar seg matematiske omgrep, leikar med former og mønstre, erfarer plassering, ulike typar størrelsar og mål gjennom å sortere og samanlikne”.

Kva gjer vi:

- Synleggjer tal og mengder på veggen
- Leik med form og mønstre
- Hjelper barna med teljing og mengder ved visualisering
- Nyttar spel tilpassa alder og brukar terning
- Stimulerer barna til å finne fram og orientere seg i rommet
- Ha fokus på storleik, mål og form ved å sortere og samanlikne

For å nå måla må personalet:

- Legge til rette for aktivitetar og samtale som fremjar forståing for tal, rom og form
- Vere bevisst eigen bruk av omgrep
- Sørge for tilgang til materiale som gir barna erfaring med klassefisering, sortering og samanlikning.
- Gje barna erfaring med å utforske, oppdage og skape ulike former og mønstre.

Satsingsområde for barnehage året 2025–26

Språk og språkmiljø

Hovudmål:

Skape gode språkmiljø i barnehagen, som eit godt grunnlag for alle barn si språkutvikling.

Delmål: Legge til rette for språkaktiviteter tilpassa barna sine ulike føresetnadar og behov.

Tiltak:

- Jobbe med språkverktøya «Språkkista», «Babblarna», «ASK-alternativ supplerande kommunikasjon»
- Bruke «Språkkista» digitalt
- Bruke verktøya i planlegging og gjennomføring av Språkaktiviteter

Relasjonskompetanse

Hovudmål:

Etablere trygge og gode relasjonar mellom vaksne og barn, som eit grunnlag for barna sin trivsel og utvikling.

Delmål: Auke personalet sin kompetanse om tilknytning og tryggleik (Tryggleikssirkelen, COS).

Tiltak:

- Nytte tryggleikssirkelen som modell for å forstå barna sine behov og atferdsuttrykk
- Setje grenser som speglar tryggleikssirkelen - større, sterkare og klokare, men god
- Jamleg reflektere og vurdere eiga evne til å etablere, vedlikehalde og reparere relasjonar

Hjartesamling

Hjartesamling er eit pedagogisk verktøy tilpassa barn i barnehagealder.

Målet er å undervise tilsette, motivere og gje barn reiskap til å kunne sette ord på det dei opplev. Barn blir oppfordra til å fortelje til nokon, og ein gjer dei bevisste på at deira tankar og kjensler er viktige.

Barnehagen arbeider med tema kvar haust og slik jobbar vi:

1-3 år

- Bevisstgjeriing kring eigen kropp. Setje ord på kroppsdelar
- Lære om ulike kjensler og bekrefte kjensler i ulike situasjonar
- Lære å kjenne sine og andre sine grenser
- Lære å seie «stopp» og respektere «stopp»



4-6 år

- Følgjer opplegget til Nok. og går gjennom fem tema på samlingar (berøring, kjensler, vennskap, kroppen og hemmelegheiter)
- Etterarbeid etter kvar samling. Døme: teikning og maling
- Bruker støttmateriell frå gyldendal «jeg vet»
- Bevisstgjeriing kring eigen kropp
- Lære å kjenne sine og andre sine grenser
- Lære å seie «stopp» og respektere «stopp»

Medverknad

Medverknad tyder at barna i fellesskap med andre barn og vaksne skal planlegge og vurdere barnehagekvardagen. Vaksenrolla vert her viktig. Personalet skal vere bevisst på at barna har ulike uttrykksformer og leggje til rette for medverknad i planlegging og vurdering av aktivitetar. Det skal vere tilpassa alder, erfaringar, individuelle føresetnadar og behov hjå barna. Dei vaksne må vise at det barnet seier og gjer er viktig. Vi skal legge til rette for at barna faktisk får muligheit til å medverke og vi må vere tydelege på kva ønskjer barna kan få innfridd. Det er likevel personalet som er ansvarleg for innhaldet i barnehagen.

Barna har masse å bidra med, dei medverkar i barnehagens kvardagsliv gjennom alt dei seier og gjer, og gjennom å vere nettopp den dei er. Personale må la seg inspirere av barnas kunnskap, av deira engasjement og interesse, og dei må våge å sjå at barna også kan dele sin kunnskap med vaksne.

Eit viktig grunnprinsipp når det gjeld barns medverknad; **Barn skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta!**

I Viksdalen barnehage legg vi til rette for at barna skal få påverke eigen kvardag, dette gjer vi ved å:

- Barna skal få vere med å påverke og planlegge det som skal skje i barnehagen, t.d gjennom månadsplan, matdag, gymsalen, tura, aktivitetar på grupper
- Lytte til barna sine ynskjer, og gje dei grunnngjevne tilbakemeldingar på kvifor vi kan/ikkje kan oppfylle ynskje.
- Barna skal få gjere det som ligg til deira interesser og person

Som voksen må vi gripe tak i det barnet er interessert i DER og DÅ!

Foreldresamarbeid

Det er foreldre som har ansvaret for å oppdra barna. Barnehagen si verksemd skal vere i nær forståing og samarbeid med heimen. Foreldre og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling.

Eit godt foreldresamarbeid er viktig for oss. I barnehagen har vi ulike møteplassar:

- Dagleg kontakt – bli møtt av personalet ved levering og henting
- Nybyrjarsamtale – før barnet startar i barnehagen
- Foreldresamtale – to gong pr. år, eller fleire ved behov
- Foreldremøte – eit pr. år
- Sosiale arrangement – påskefrukost, sommarfest, kafe i oktober og juletrefest.

Kontaktinformasjon til SU (samarbeidsutvalet)

I SU sit styrar, to tilsette i barnehagen, foreldrerepresentantar og eigarrepresentant. Ta kontakt med SU dersom det er saker du ynskjer å melde.

Foreldre representant i SU

- Hege Malene Ness
- Linda Hagen Myklebust

Tilsettere representantar

- Anne-Merete Tefre

Eigarrepresentant – politikar

- Atle Hoff (SP)
- Vara: Silje Myrmel Øren (SP)

Tidleg innsats

BTI

- BTI (betre tverrfagleg innsats for barn og unge) skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen.
- Gå inn på Sunnfjord kommune si heimeside for meir informasjon om samarbeidspartar, tenestetilbod og tiltak.


Ulike metodar for observasjon og kartlegging:

- TRAS (tidleg registrering av språk).
- Skriftlege observasjonar av språk, motorikk og sosial kompetanse.
- Alle med

Tryggleikssirkelen, som eit kart til å forstå barnet innanfrå

Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.

I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått, respektert og får hjelp og støtte.



Vi brukar tryggleiksirkelen som utgangspunkt for å forstå barna. Modellen kan forklarast slik:

- Øvst på «sirkelen» illustrerer utviklingssystemet. Barn har behov for å undersøke og meistre verda. Dei treng nære vaksne som støttar og hjelper ved behov.
- Nedst på «sirkelen» illustrerer tilknytningssystemet. Barn har behov for beskyttelse, trøyst, og godheit frå vaksne. Dei treng at vaksne set ord på kjenslene deira.
- Hendene på «sirkelen» illustrerer omsorgssystemet. Vaksne i barnehagen eller foreldre skal alltid vere større, sterkare, klokare og god. Barn treng vaksne som syner forståing for deira emosjonelle uttrykk, og vaksne som beheld godheit i.

Overgangar

Når barnet startar i barnehagen

Før oppstart i barnehagen

Vi legg vekt på å skape gode relasjonar til barnet og foreldre før oppstart. På våren/ sommaren vil dykk få tilsendt informasjon og invitasjon til å besøk hos oss og ha nybyrjarsamtale.

Når barnet startar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god start i barnehagen. Det betyr mykje for den framtidige kontakten mellom barnet, føresette og personalet at tilvenjinga er basert på tillit, og god gjensidig informasjon.

Vi ser gjerne at foreldre set av minimum tre dagar til tilvenjing. Den fyrste dagen er det naudsynt at foreldra er i barnehagen saman med barnet. I samråd med personalet kan de avtale når, og kor lenge de vil la barna vere åleine dei neste to dagane. Om det er mogeleg, kan det vere godt for barnet å ha korte dagar i byrjinga.

I barnehagen skal kvart barn få ein primærkontakt. Primærkontakten skal skape tryggleik og vere nær barnet den første tida.

Overgang mellom barnehage og skule

Siste år i barnehagen blir barna med på ei førskulegruppe der gruppa:

- har ein fast dag i veka med ulike skuleførebuande aktivitetar.
- blir kjent med Frode Laks.

besøker skulen fast våren før skulestart

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet skal få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule.

- Sunnfjord kommune har utarbeidd egne rutinar for samarbeid barnehage – skule.
- Foreldresamtale kvar vår innan 10. mai.
- Overføringsskjema for kvart einskild barn frå barnehagen til skulen.
- Barnehagen besøker skulen

Samarbeid

Samarbeid med eksterne instansar

PPT – Pedagogisk psykologisk tenestekontor og kompetanseteam er ein samarbeidsinstans for foreldre og barnehage. **PPT kan:**

- hjelpe og rettleie dersom foreldre og/eller personalet er bekymra for barnet si utvikling.
- kartlegge barnet sine vanskar og behov, rettleie og bidra til å finne riktige tiltak for kvart enkelt barn.

Framgangsmåte når barn treng ekstra hjelp og støtte:

- Drøfte problemstillinga med foreldre.
- Observasjon i ulike situasjonar.
- Setje i verk tiltak. Døme: språkgrupper, leikegrupper, ein-til-ein trening og liknande.
- Tiltaka skal tilpasse barnet sine behov, vere motiverande og positive.
- Personalet skal dokumentere og evaluere tiltaka i samråd med foreldre.
- Dersom tiltaka ikkje er tilfredsstillande må barnehagen i samråd med foreldre vurdere tilvising til PPT.

Foreldrerådgjeving

Sunnfjord kommunen har rådgjevarar og terapeutar med kompetanse i foreldrerettleiing:

- TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko)
- PMTO (Parent management training Oregon)
- COS (Circle of security/ Tryggleikssirkelen)

TIBIR og PMTO er eit lågterskeltilbod som kan hjelpe foreldre med ulike utfordringar i familien. Døme: barna viser overdriven sutring, sinne, er trassige, urolege, kranglar, utfordring med måltid, påkledning, legging.

Barnevernet

Samarbeidsinstans for foreldre og barnehage som kan gje tilbod om:

- Foreldrerådgjeving, avlastning i besøksheim, støttekontakt, tilbod om aktivitetar på fritid/ ferie.
- Driv tverrfagleg samarbeid og bidreg til at barna sine interesser vert ivaretatt

Vurdering

I Viksdalen barnehage dokumenterer vi vårt arbeid gjennom månadsplan til føresette, Visma barnehage og bilete.

Systematisk vurdering er utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring i barnehagen. Vi evaluerer vår praksis ved å gi tilbakemelding på kva som er bra, og kva vi kan gjere annleis:

- på personalmøte, planleggingsdagar, foreldremøte og tradisjonar kafe, juletrefest, karneval, påskefrukost og sommarfest).
- gjennom medarbeidar- og foreldreundersøkingar.
- gjennom observasjon av enkeltbarn sin trivsel og allsidige utvikling. Observasjonane blir utgangspunkt for korleis vi best kan hjelpe barna.
- gjennom praksisforteljingar og refleksjon.



Hendingar og markeringar i barnehagen

Vinter



- | | |
|---------------------|---|
| 10. desember | Luciatog på onsdagskafen |
| 11. desember | Juletrefest med foreldre, søsken og besteforeldre |
| 15. desember | Nissefest |
| 19. desember | Juleavslutning i lag med skulen i kyrkja |
-

Vår



- | | |
|-----------------|---|
| 03. mars | Karneval |
| 11. mars | Barnehagedagen – Rom for alle |
| 24. mars | Påskefrukost med foreldre og søsken |
| 17. mai | Nasjonaldag med eiga fane i 17. mai toget |
-

Sommar



- | | |
|-------------|--|
| Juni | Sommaravslutning med foreldre, søsken og besteforeldre |
|-------------|--|
-

Haust

- | | |
|----------------|---------------------------------|
| Veke 38 | Brannvernsveke- med Bjørnis |
| Oktober | Kafe til inntekt for andre barn |